



Bjørn Gisle Hodneland
Fyllingsnesvegen 170
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2654 - 21/77771

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
o

Dato:
17.11.2021

Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilfelle på eigedomen din - gbnr 214/212

Tiltak: Slamavskiller/sprenging i strandsonen
Byggjestad: Gbnr 214/212 Fyllingsnes
Tiltakshavar: Bjørn Gisle Hodneland

Saka gjeld

Kommunen er kjent med at det er etablert slamavskiller til bustad på gbnr 214/212. Det vart gitt løyve til etablering av tiltak på eigedommen i vedtak datert 10.04.2008.

Plassering i strid med løyve

På bakgrunn av mottekne opplysningar ser det i imidlertid ut til at slamavskillar og ledning er plassert i strid med det som vart godkjent (sjå vedlegg). Vi kan ikkje sjå at det er søkt om og gitt tillatelse til endring av plassering og ledningstrasè.

Vi gjer merksam på at plassering i strid med godkjenning er eit brot på plan- og bygningslova. Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke endeleg stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i første omgang om utgreiing av tilfella.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 13.12.21

Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2654.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørn Gisle Hodneland

Fyllingsnesvegen 170

5913

EIKANGERVÅG